

MØTEPROTOKOLL

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 08 / 2017 Sak til: 15 / 2017	Onsdag 15 februar 2017	<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset.
Frammøtte: 6 av 7 medlemmer.		

Til stades

Medlemmer: Kjellaug Fauskanger Eidsaa, Ivar Eidsaa, Kjell Berland, Solfrid Kongshaug Aase, Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy.
Varamedlemmer:
Meldte forfall: Einy Daviknes.

Administrasjonen:

Andre frammøtte:

Sak / år:

08/2017: Møteprotokoll frå møte 15 januar vart godkjent.

09/ 2017: Meldinger:

Takkebrev frå Leif Heggernes. Brosjyrer frå ulike organisasjonar, blant anna Bibelselskapet som vi har offer til søndag 19 februar.

10/ 2017: Gudstjenesteliste:

18/01: Kl.17.00. Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

22/01: kl.11.00. Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer:

Ungdomsarbeidet på Askøy. Ansvarleg: Team1.

05/02: kl 11.00. Hovudgudsteneste v/ Micael Møgster. Nattverd. Offer: Kyrkjelydens eige arbeid. Ansvarleg: Team 2.

.....
15/02: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

19/02: kl. 11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer til Bibelselskapet. Tenn lys- faste for førskuleborn og utdeling av 6 årsbok. Ansvarleg: Team 3.

05/03: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Micael Møgster. Dåp. Offer: Haraldsplass samtalesenter. Ansvarleg: Team 4.

15/03: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

15/03: **kl.19.00:** Fastegudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer:

Ungdomsarbeidet på Askøy. Ansvarleg: Team 1.

19/03: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Peter Johansen. Dåp. Offer: Diakonalt arbeid.

Ansvarleg: Team 2.

11/ 2017 :Evaluering og førebuing av gudstenestene:

19/02: Førskuleborn og 6 åringene er invitert spesielt til denne gudstenesta. Mange aktiviteter er planlagt, bl.a. utdeling av 6 års bok, superhelt- oppgavehefte, fastelys, laging av fastelavensris, innsamling av brukte leiker mm.

15/03: Fastegudsteneste kl.19.00: Det er planlagt kyrkjevandring med lesing. Konfirmantane m/fl. deltek.

12/ 2017: Fasteaksjonen.

Planlegging av innsamlingsaksjonen 4 april:

Kjellaug bestiller det matriellet som trengs. Astrid Marie sender oss navneliste over konfirmantane.

Randi hjelper oss å organisere innsamlingsområdene og ordne til bøssene.

Det er få konfirmanter i år, så det er ein utfordring å dekke alle områdene.

13/ 2017: Medarbeidarfesten 2017:

Dato for medarbeidarfesten er **fredag 19 mai.**

Vi tenker over til neste møte kven vi skal invitere og kjem med forslag.

14/ 2017:Lutherjubileet:

Astrid Marie orientere om ein del av programmet.

3 – 7 mars er det **Folkefest i reformasjonsbyen.**

Det er eit stort og variert program i Bergen under Lutherfestdagene, der alle er invitert til å vere med.

Det vert og ymse aktiviteter i heile reformasjonsåret som vi kan vere med på.

15/2017:Eventuelt:

Årsmøtesaker og regnskapet for 2016 vert gjennomgått på neste møte.

Ang. midlene frå Velforeninga Fredly:

Vedtak: Det vert oppretta ei høgrentekonto til pengegåva .Vi registrerer oss også i

Brønnøysundregisteret som eige føretak.

Soknerådet ynskjer ein fortgang i prosessen om festeavgifta til Askøy kommune for kyrkjelydshuset.

Neste møte vert onsdag 22 mars kl.19.00.

S. Herdla 26 februar 2017.

Reidun Håpoldøy.

Referent.